

## Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 17.10.2019

### Saker

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Godkjenning av kommunestyrevalet 2019
- Delegasjonssaker
- Skriv og meldingar
- Godkjenning av valnemnd 2019
- Val av formannskap 2019 - 2023
- Val av ordfører 2019 - 2023
- Val av varaordfører 2019 -2023
- Val av kontrollutval 2019-2023
- Val hovudutval for omsorg (HOM) 2019-2023
- Val hovudutval plan og utvikling (HPU) 2019-2023
- Val av hovudutval for oppvekst (HOP) 2019-2023
- Val av kommunen sine representantar i arbeidsmljøutvalet 2019-2023
- Val av eldreråd 2019-2023
- Val av råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2019-2023
- Val av representant i kyrkjeleg fellesråd 2019-2023
- Val av medlemmer til sakkunnig takstnemnd - eieendomsskatt 2019-2023
- Val av medlemmer til sakkunnig klagenemnd - eieendomsskatt 2019-2023
- Val av medlem i representantskapet for SEKOM sekretariat (kontrollutvalssekretariatet) 2019-23
- Val av representant til representantskapet i Vestland Revisjon Kommunale Oppgåvefellesskap 2020-23
- Val av medlem til oppnemningsutvalet konfliktrådsmeklarar 2019-2023
- Val av medlem til representantskap i stiftinga Kystkultur.no 2019 - 2023
- Val av representant til generalforsamlinga i GMU AS 2019-23
- Val av representant til generalforsamling i BKK 2019-2023
- Val av representant til KS sitt fylkesmøte 2019-2023
- Val av representantar til årsmøte for Kystmuseet i Sogn og Fjordane 2019-2023
- Val av styremedlem for stiftinga Bjørn Westmuseet 2019-2023
- Val av utsending til valmøte - KLP 2019-2023
- Val av representant til årsmøte i IUA Bergen region 2019-2023
- Val av medlem til representantskapen i DIHVA IKS 2019-2023
- Val av representant til område- og regionutval for vassområda Ytre Sogn/Nordhordland 2019-2023
- Val av medlemar til representantskap i NGIR 2019-2023
- Reglement og regulativt for folkevalde - revisjon 2019
- Aksept av overføring av aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS til Gulen kommune
- Drifts- og investeringsrapport 2. tertial 2019
- Eivindvik Idrettslag, Prestegardstien del 2. Dekke kostnader til arkeologisk overvaking av graving i kulturhistorisk område.
- Statusrapport finansforvaltning pr. 31.08.2019
- Søknad om forskotering av spelemidlar, forskotering av forventa mva-refusjon og utbetaling av kommunalt tilskot til nytt banehus ved Dalsøyra kunstgrasbane.
- Vurdering av kommunalt vilkår knytt til løyving av midlar til veg Kyrkjeøy
- Vurderingar knytt til vassforsyning Skipavika Næringspark
- Høyring om fritt skuleval til vidaregåande skule
- Kystmuseet i Sogn og Fjordane - Gulen kommune sin uttale til konsolideringsavtale
- Ramme for lokale forhandlingar 2019

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 10. Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no) Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Odd Harald Eide, Varaordfører

## Status vedkomande utbygging av nytt reinseanlegg for Ånneland vassverk

Utbygginga på Ånneland vassverk nærmar no seg slutført. Attståande arbeid pr. veke 39 er i hovudsak å knyte det nye vassverket til forsyningsnettet, utsleppsledning for avløpsvatn og asfaltering rundt bygget. Det nye reinseanlegget (membranfilteranlegg) vart starta opp 10. september og har vore i prøvedrift i to veker. Resultata så langt ser gode ut, og vi tek jamleg prøvar av vatnet for å kontrollere at det er i samsvar med drikkevassføreskrifta. Pr. i dag vert ikkje vatnet levert ut på forsyningsnettet, men vi satsar på at i løpet av veke 41-42 er det nye reinseanlegget justert inn og klart til å levere reint vatn ut til abonnentane.

Innan vi kan levere drikkevatt frå det nye reinseanlegget må eksisterande råvassledning ned til det gamle reinseanlegget reingjerast og desinfiserast. I samband med fråkopling av det gamle reinseanlegget og tilknytning til det nye kan det verte kortare avbrot i vassforsyninga. Nærare tidspunkt for dette vil de verte varsla om pr. sms.

Vonar at vi med dette vil auke leveringstryggleiken for drikkevatt ut til abonnentane våre på Ånneland både med tanke på kvalitet og mengde i lang tid framover.

## Oppfølging av ulovleg bygging

I samband med retaksering av eigedommar i Gulen i 2017 vart det oppdaga tilfeller av ulovleg bygging i kommunen vår. Difor vart det sett av midlar til oppfølging av slike saker. No er Gulen kommune er i gong med dette arbeidet. I samband med dette har vi oppdaga at mange byggjer i god tru om at tiltaket er unntekte søknadsplikt. Dette er dessverre ikkje alltid tilfelle, og vi vil oppmode om å ta kontakt med kommunen dersom du tenkjer å byggje noko eller har bygd noko som du er usikker på.

Vi ynskjer at ein tek kontakt per e-post. Send e-posten til [postmottak@gulen.kommune.no](mailto:postmottak@gulen.kommune.no), og merk den med «RETTLEIING I BYGGESAK» samt gards- og bruksnummer.

## Ettersøkshund

Alle som jaktar på hjort skal ha tilgang på ettersøkshund. Dette skal kunne

dokumenterast. Gulen kommune vil ha inn



avtaler for alle dyr. I nokre vald vert dette ordna for alle. Medan i andre vald/jaktfelt ordnar den enkelte jeger opp for seg. Framleis er det

ein del vald/jaktfelt/jegerar som ikkje har sendt kopi av avtale til Gulen kommune. Dette vil kommunen gjerne ha inn. Send til: [postmottak@gulen.kommune.no](mailto:postmottak@gulen.kommune.no) Er ein uheldig og skadeskyt, bruk godkjent ettersøkshund og søk etter dyret

## Spelemidlar 2020

Brenn du for å skape aktivitet i nærmiljøet? Her kan vere løysinga.



Med dette biletet frå ballbingen som er bygd i Prestesundet bustadfelt ynskjer vi gratulere Eivindvik Idrettslag og alle eldskjelene rundt med eit flott anlegg! Samstundes vil vi motivere andre til å ta sats.

Anlegg som skal søkje spelemidlar for 2020 må meldast inn til handlingsprogrammet i Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Meldast inn på epost til [postmottak@gulen.kommune.no](mailto:postmottak@gulen.kommune.no) og merkast «handlingsprogram kommunal plan f.i.f». Frist 1. november.

Spelemiddelsøknaden må vere ferdig registrert, med alle obligatoriske vedlegg innan 1. november 2019. Søknadsskjema finn du på [www.anleggsregisteret.no](http://www.anleggsregisteret.no)

Fristen gjeld og for anlegg som skal fornye søknaden sin.

Nye anlegg meldast til kulturkonsulent slik at vi får oppretta anlegget i søknadsregisteret. Derfrå fyller du ut

søknaden. Ta tidleg kontakt dersom laget skal søkje midlar, dette er ein søknad som ein treng litt tid på å få i orden då det krevst dokumentasjon på alle kostnader og finansiering. Kulturkonsulent hjelper undervegs. Ta kontakt på epost [vivian.vage@gulen.kommune.no](mailto:vivian.vage@gulen.kommune.no)

## Påminning om Gulatingsprisen 2019 og frist for innspel

Vi minner om frist for innspel til Gulatingsprisen 2019 som er 08.11.2019.

Grunngjevne forslag sender du til Gulen kommune, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik

## Info frå Gulen sjukeheim

### Hjertestarter

Gulen sjukeheim har fått ein hjertestartar av Per Vold. Pga. litt praktiske ting har det tatt litt tid frå vi fekk den, til alt er oppe og går. Men no er den komen på plass og den er registrert. Hjertestartaren er plassert på sjukeheimen, i første etasje utanfor vaktmesteren sitt kontor, merka med skilt. Hjertestartaren er tiltenkt bygda. Sjukeheimen er døgnbemanna, så den vil være tilgjengelig heile døgnet. Dersom ein har brukt hjertestartaren, må ein gje beskjed til personell på sjukeheimen i etterkant. Vi har ansvar for utstyr og at den alltid er klar til bruk. Telefonnr til Gulen sjukeheim er 57781600 (45871551). Det er ein ekstra trygghet for bygda å ha dette på plass. På vegne av heile bygda vil vi takke Per Vold for denne generøse gåva.

### Orgelgåve

Gulen sjukeheim vil med dette få rette ein stor takk til Edvard Tveit med familie, for det flotte orgelet vi har fått til heimen. Det er no plassert på avd. for rehabilitering og korttid.

Mvh Nina Haveland, einingsleiar Sone Eivindvik-Gulen sjukeheim

## Minnegåver til Sone Eivindvik-Gulen Sjukeheim

Eivindvik bu- og omsorgssenter vil med dette få takke hjarteleg, for minnegåva etter Ingeborg Henriksbø. Tusen takk.

Langtidsavdelinga på Gulen Sjukeheim vil med dette få takke for minnegåva etter Ingvard Breidvik. Etter ønske frå familien er det no kjøpt inn nye møbler til verandaen til neste års sesong. Tusen takk.

## Takk til Rannveig Nese

Bebuarar og personell på Eivindvik bu- og omsorgssenter vil med dette rette ein stor takk til Rannveig Nese, som år etter år stiller med grillmat til senteret, ifb med Jonsok. Tusen takk

Mvh Nina Haveland, einingsleiar Sone Eivindvik-Gulen sjukeheim

## Info frå Brekke, Byrknes og Dalsøyra bu og omsorgssenter

Tusen takk for gåver til Brekke, Byrknes og Dalsøyra bu og omsorgssenter i forbindelse med gravferder.

Helsing bebuarar og personale

## Demensvenleg samfunn

Våren 2019 inngjekk Gulen ein avtale med Nasjonalforeningen for folkehelse om å bli eit demensvenleg samfunn. Vi er no starta arbeidet med å kurse private og offentlege bedrifter til å gje best mogeleg service til menneske med demens. Vidare opplæring vil vere laupande, og bedrifter som ynskjer kurs må gjerne ta kontakt. Dei bedrifter som har



gjennomført opplæring vil få eit klistremerke som dei kan henge godt synleg, og viser at det er ei demensvenleg bedrift.

Kjelde:

<https://nasjonalforeningen.no/tilbud/kommuner-og-demens/demensvennlig-samfunn/>

Har du spørsmål om demens?

**23 12 00 40**  
**Demenslinjen**

E-post: [demenslinjen@nasjonalforeningen.no](mailto:demenslinjen@nasjonalforeningen.no)

Hukommelsesteamet i Gulen:

Miek Norman, tlf. 41 61 09 72 og Synnøve B. Giil, tlf. 91 10 41 88

## Info frå tannklinikken

Tannklinikken i Eivindvik er for tida utan tannlege. Det vil komme ambulerande



**SOGN OG FJORDANE**  
**FYLKESKOMMUNE**  
Eivindvik tannklinik

personell frå andre tannklinikkar i fylket utover hausten, så alle prioriterte pasientar som skal kallast inn vil få innkalling som vanleg.

Om du har behov for tannlegehjelp eller har andre spørsmål, ring oss på telefon 57 63 68 90.

<https://www.gulen.kommune.no/tannhelseteneste.4588808-107934.html>

## Bli med å rydda strender og kystlinje i Nordhordland og Gulen!

Marin forsøpling er ei av vår tids største miljøutfordringar. Plast er identifisert som ein særleg problematisk del av avfallet i og ved havet. Plast har lang nedbrytingstid, og i havet vert nedbrytinga ytterlegare bremsa av låge vassstemperaturar og redusert UV-stråling. Plasten vil over fleire hundre år bli broten ned til mikroskopiske delar, og vert då tilnærma umogeleg å fjerna. Plast i naturen er ein konstant fare for fuglar og anna dyreliv.

### Ynskjer du å delta?

Gå til NGIR si heimeside

<http://ngir.no/marin-forsopling/> så finn du meir informasjon. Eller gå direkte til registrering via linken

[http://a3.nordhordlandskart.no/ngir\\_strandrydding](http://a3.nordhordlandskart.no/ngir_strandrydding).

Registrer gjerne ryddedugnaden på <http://holdnorerent.no/> og send aksjonskoden de får til NGIR.

### Utlevering av strandryddesekkar

- Registrer fyrst ryddeaksjonen som forklart over, og få sekkar til strandrydding.
- Strandryddesekkar kan etter at aksjonen er registrert hentast på følgjande stader:
  - NGIR sine gjenvinningsstasjonar; Litlås, Manger og Mjåtveit, eller i resepsjonen i Kjevikdalen.
  - Rådhuset (ta kontakt med din kommune for info).

- NGIR kan i nokre tilfelle levera ryddeutstyr til avtalt stad. Ta kontakt for å avklara dette (sjå nedst på arket).

### Levering/henting av avfall frå strandrydding

- Avfallet frå strandrydding kan du levera gratis ved gjenvinningsstasjonen i Kjevikdalen månd-fred. Det er viktig at de tar kontakt i resepsjonen når du kjem, slik at avfallet kan verta registrert og vege.
- Det er ikkje mogeleg å levera avfall frå strandrydding på dei andre gjenvinningsstasjonane.
- NGIR kan i nokre tilfelle henta avfallet på avtalt hentepunkt. Ta då kontakt for å avklara dette (sjå nedst på arket).
- Avfallet frå strandryddinga må berre setjast fram på hentepunkt etter avtale med NGIR.

### Sortering av marint avfall

Jern og metall, dekk og trevyrke, og miljøfarleg avfall, skal leverast for seg, og ikkje samanblanda med resten av det marine avfallet. Ta kontakt for å avtala levering av desse avfallsfraksjonane. Alt anna marint avfall vert handsama som restavfall, og vert sendt til forbrenning med energiutnytting. Dette gjeld óg fiskegarn som ein får plass til i strandryddesekkanne.



### Kontakt oss:

For meir informasjon om strandryddinga, eller for å gjera nærare avtaler om utkøyring av ryddeutstyr eller henting av avfall, ta kontakt med oss på [strandrydding@ngir.no](mailto:strandrydding@ngir.no) eller tlf. 56 34 33 12.

Me ynskjer både born og vaksne ei trygg strandrydding. Ein del av skrotet som ein finn i strandsona må ein vera varsam når ein handsamar, og me tilrår difor at born ryddar saman med vaksne. Ta i bruk tryggingsutstyr som redningsvest og hanskar.

## Info frå kyrkja

### Resultat frå soknerådsvalet 2019

#### Gulen kyrkjelege råd:

##### Frå Gulen sokn

**Åse Haugen**

**Halldis Steine**

Vara: Asbjørn Karl Neverdal, Elin Systad  
Lihaug, Anita Vevang Nilsen

#### Frå Brekke sokn:

**Einar Takle**

**Kåre Sigurd Krakhellen**

Vara: Jan Even Østerbø, Herfinn Takle,  
Olaug Tveit Evensen

#### Frå Mjømna Sokn:

**Anne Kristine Evjenth Ytreøy**

**Mina Cathrin Dahl Andreassen**

Vara: Bente Iren Haugen, Sølvi-Ann  
Oddekalv, Arve Harald Mjømnen

Gulen kyrkjelege råd vil og fungere som  
Gulen kyrkjelege fellesråd, men då med ein  
representant frå kommunen.

### Gudstenesteplan Gulen, Brekke og Mjømna sokn

#### Oktober-desember 2019

**22.sept kl 11.00: Mjømna kyrkje** v Bjørn  
Magne Hansen. Nattverd, kyrkjekaffi.  
Takkoffer til Misjonæravtalen

**29.sept kl 11.00: Gulen kyrkje** v Geir  
Sørebo. Nattverd, kyrkjekaffi. Takkoffer til  
Norsk kyrkje i utlandet.

**6.okt kl 11.00: Brekke kyrkje.** V Harald  
Sundsbo. Hausttakkefest, utdeling av bøker  
til 4-og 6 åringane. Presentasjon av  
sokneutvalet og representantane til Gulen  
kyrkjelege råd m vara. Takkoffer til  
sudagsskulen/sprell levande.

**13.okt kl 11.00: Mjømna kyrkje** v Bjørn  
Magne Hanse . Hausttakkefest, utdeling av  
bøker. til 4-og 6 åringane. Presentasjon av  
sokneutvalet og representantane til Gulen  
kyrkjelege råd m vara. Takkoffer til Alværa  
misjonssenter

**20. okt kl 11.00: Gulen kyrkje.** Lys  
vaken, hausttakkefest, utdeling av bøker til  
4-og 6 åringane. Presentasjon av  
sokneutvalet og representantane til Gulen

kyrkjelege råd m vara. Takkoffer til TV-  
aksjonen CARE

**27. okt kl 11.00: Brekke kyrkje.** Geir  
Sørebo. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

**2. nov: Brekke kyrkje.** Konsert v Brekke  
skulemusikk-korps. **Sjå oppslag**

**3.nov kl 11.00: Gulen kyrkje** v Geir  
Sørebo. Allehelgensdag. Takkoffer til Kirkens  
bymisjon

**3. nov kl 16.30: Mjømna kyrkje v Bjørn  
Magne Hansen.** Allehelgensdag. Takkoffer  
til Kirkens bymisjon.

**10. nov kl 11.00: Brekke kyrkje.** V Geir  
Sørebo. Allehelgensdag. Takkoffer til Kirkens  
bymisjon

**17. nov kl 11.00: Gulen kyrkje.** V Geir  
Sørebo. Takkoffer til Misjonæravtalen

**24. nov kl 11.00: Mjømna kyrkje.**  
Takkoffer til Sygna vgs

**1. des kl 11.00: Gulen kyrkje.** Lysmesse.  
Takkoffer til NKSS

**7. des kl ?: Gulen kyrkje.** Julekonsert.

**8. des kl 13.00: Risnehall,** juleverkstad m  
gudsteneste kl 15.30

**15. des kl ?: Mjømna kyrkje,** Julekonsert.  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

**21. des kl?: Brekke kyrkje.** Julekonsert  
22.des: Adventgudsteneste på Gulen  
sjukeheim

**24. des kl 11.00: Mjømna kyrkje.**  
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

**24. des kl 14.00: Brekke kyrkje**

**24. des kl 16.00: Gulen kyrkje.** Takkoffer  
til kyrkjelydsarbeidet.

**25. des kl 12.00: Gulen kyrkje.** Takkoffer  
til Kirkens nødhjelp

**26. des kl 11.00: Byrknes bedehus.**

Takkoffer til Stefanusalliansen.

29. des: Ingen gudsteneste

**31. des kl 23.00: Brekke kyrkje.**  
Midnattsgudsteneste

## Eigenberedskapsveka 2019

Foto: DSB



Har du alt du treng for å klare deg sjølv i tre døgn dersom vatn og straum plutselig blir borte? 28. oktober startar ei landsdekkjande arbeidsveke med fokus på eigenberedskap.

Målet med Eigenberedskapsveka 2019, som varer frå 28. oktober til 3. november, er å auke folk sin kunnskap om eigenberedskap, slik at fleire gjer fornuftige førebuingar. Styresmaktene tilrår nemleg at alle husstandar i Noreg tek nokre enkle grep for å betre sin eigen beredskap.

DSB (Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap) har utarbeidd konkrete råd som du kan lese på [sikkerhverdag.no](http://sikkerhverdag.no). Her finn du blant anna forslag til eit beredskapslager for å klare seg heime i minst tre døgn (72 timar).

### Kvifor eigenberedskapsråd no?

Det er fleire forhold som gjer at det kjem eigenberedskapsråd til befolkninga no. Meir ekstremvær er blant dei viktigaste årsakene. Ekstremvær kan føre til bortfall av kritisk infrastruktur, som til dømes straum, vatn og mobilnett.

I tillegg er vi som bur i Noreg – som er blant verdas tryggaste og mest stabile land – vane med at det meste stort sett fungerer som det skal. Det er veldig mange tenester og funksjonar vi er avhengige av, for at det daglege livet vårt skal gå rundt utan store problem. Det er faktisk ei sårbarheit.

## Du er ein del av beredskapen i Noreg

Sjølv om vi lever i eit trygt land, kan uønskte hendingar oppstå også hos oss. Og om vi blir ramma av ei stor hending eller krise, er det mange som treng hjelp. Dersom fleire av oss er i stand til å ta vare på oss sjølve og dei rundt oss ved ei hending, kan hjelpa setjast inn der behovet er størst. På den måten er du ein del av beredskapen i Noreg.



# INFORMASJON OM TELEUTFALL PÅ NORSK, ARABISK, POLSK OG ENGELSK

I Gulen kommune opplever me frå tid til annan at deler av kommunen får totalt teleutfall. I situasjonar der fasttelefon, mobilsamband og fiber/nett er ute er det viktig at de som innbyggjarane kjenner til at det finst alternativer dersom de skulle vere i ein situasjon der liv og helse står i fare og de treng hjelp.

I slike situasjonar vil det som oftast framleis vere mogleg å bruke nødnettet. Nødnett er eit lukka beredskapsnett for politi, brannvesen, helsetenesten og andre aktører med eit nød- og beredskapsansvar.

## I Gulen kommune har desse personane tilgang til nødnettapparat:

- Mannskap i brann- og redningsetaten
- Legane
- Ordførar, rådmann

I tillegg et det stasjonert eit nødnettapparat på kvart bu- og omsorgssenter (i Eivindvik – på Gulen sjukeheim).

**Ved krisehendingar vil Gulen kommune informere på heimesida [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no) og i særskilte tilfeller gjennom SMS varsling.**

البلدية تتعرض لانقطاع كامل لشبكة الاتصالات. وفي الحالات التي ينقطع فيها الاتصال عن طريق الهواتف الأرضية وشبكة الجوال وشبكة النت / الفايبر، فمن المهم أن يكون سكان البلدية على دراية بأن هناك بدائل في المواقف الطارئة التي قد تشكل خطورة على حياة الإنسان وسلامته ويحتاج الناس فيها للمساعدة. وفي مثل هذه المواقف فعادة ما يكون من الممكن استخدام شبكة الطوارئ، وشبكة الطوارئ هي شبكة تأهب مغلقة خاصة بالشرطة والمطافئ والخدمات الصحية والجهات الأخرى التي عليها مسؤوليات في حالات التأهب والطوارئ.

لدى هؤلاء الأشخاص إمكانية استخدام أجهزة شبكة الطوارئ في بلدية "غولين":

طاقم هيئة الإنقاذ والمطافئ  
الأطباء

رئيس البلدية والمدير الإداري في البلدية ونائب المدير الإداري بالإضافة لوجود جهاز لشبكة الطوارئ في كل مركز من مراكز السكن والرعاية (في "أيفينديك" - وفي دار "غولين" للمسنين)

-

في حالات الأزمات ستقوم بلدية "غولين" بإعطاء معلومات على صفحة وفي الحالات [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no) الإنترنت SMS الخاصة سيتم الإخطار عن طريق رسائل نصية

## Tłumaczone z norweskiego

W gminie Gulen zdarza się od czasu do czasu, że w niektórych jej częściach całkowicie zanika łączność telefoniczna.

W sytuacjach, kiedy nie działają telefony stacjonarne, sieć komórkowa ani światłowody/Internet, ważne jest, żebyście wy jako mieszkańcy wiedzieli, że istnieją inne alternatywy, gdybyście znaleźli się w sytuacji zagrożenia zdrowia lub życia i potrzebowali pomocy.

W takich sytuacjach będzie najczęściej nadal możliwe korzystanie z kryzysowej sieci łączności (nødnett). Jest to zamknięta sieć łączności kryzysowej dla policji, straży pożarnej, służby zdrowia i innych instancji odpowiedzialnych za bezpieczeństwo publiczne i w wypadku wystąpienia sytuacji kryzysowych.

## W gminie Gulen następujące osoby mają dostęp do sieci łączności kryzysowej:

Personel służb przeciwpożarowych i ratowniczych  
Lekarze

Burmistrz, szef administracji gminnej i jego zastępca

Oprócz tego każdy ośrodek mieszkalno-opiekuńczy posiada aparat sieci łączności kryzysowej (w Eivindvik – w domu opieki Gulen sjukeheim)

**Przy zdarzeniach kryzysowych gmina Gulen będzie informować mieszkańców o sytuacji na swojej stronie internetowej [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no), a w sytuacjach szczególnych - poprzez ostrzegawcze SMS-y.**

## Emergency Network

In Gulen we occasionally experience that part of the municipality lose telecommunications.

When this happens, it will still be possible to use the Emergency Network if you are in a situation where your life or health is in danger. This network is a closed emergency network that is used by the police, fire department, healthservices, and by a few other people who have a special responsibility in case of an emergency situation.

**In Gulen municipality the following groups/people have access to the emergency network:**

- Firemen
- Doctors
- Mayor, municipal executive

In addition, you will find one network terminal stationed at each of our senior centers (in Eivindvik – at Gulen sjukeheim)

**In case of emergency, Gulen municipality will provide information on the official website [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no) and in special situations by sending out text messages.**

## Valresultat - mandatfordeling

Ant. Røysteføre: 1825      Valdeltaking: 70,52 %

Partiliste	Førehand	Valting	Totalt	%	Mandat
Senterpartiet	164	418	582	45,5	9
Høgre	121	251	372	29,1	6
Arbeidarpartiet	70	132	202	15,8	4
Kristeleg Folkeparti	25	51	76	5,9	1
Venstre	18	28	46	3,6	1

### Senterpartiet

Nr	Representantar	Fødd
01	Hallvard Oppedal	1956
02	Rolf Daniel Midtun	1987
03	Lars Atle Larsen	1967
04	Kristin Margrete Byrknes	1965
05	Lars Magnus Neverdal	1973
06	Johnny Leidvin Langvatn	1964
07	Nils Inge Ynnesdal	1985
08	Beate Haugland	1973
09	Jon Ivar Steine	1969
Nr	Vararepresentantar	Fødd
01	Arnchild Kjellebold	1958
02	Linda Oppedal	1973
03	Jan Even Østerbø	1969
04	Lars-Thomas Unneland Larsen	1995
05	Johnny Berg	1985
06	Bjørn Kåre Hjartholm	1969
07	Jørgen Unneland Larsen	1997
08	Klaus Hope Hjartholm	1973
09	Malene Hamn Elnes	1997
10	Solfrid Vatlø Oppedal	1962
11	Erling Ingemund Nesse	1955

### Høgre

Nr	Representantar	Fødd
01	Ivar Eide	1963
02	Stein Inge Larsen	1972
03	Kristin Mjanger	1966
04	Øyvind Bøe	1976
05	Trond Ove Høie	1973
06	Kristin Kvamme Rasch	1980
Nr	Vararepresentantar	Fødd
01	Åshild Daa Eide	1987
02	Bjørn Brekke	1944
03	Nina Lovise Braathen Kirca	1968
04	Anne-Mette Dahl Andreassen	1964
05	Arve Harald Mjømen	1954
06	Kari Bøe	1957
07	Lina Braanaas Utne	1987
08	Even Breidvik Rambjørg	1983
09	Oddgeir Willy Oppedal	1975

### Arbeidarpartiet

Nr	Representantar	Fødd
01	Bjarte Undertun	1982
02	Margrethe Thune Trædal	1982
03	Odd Harald Per Eide	1955
04	Anne Marit Brekken Oppedal	1976
Nr	Vararepresentantar	Fødd
01	June Glenjen Omdahl	1964
02	Merete Ånneland Misje	1972
03	Severin Slettebø Rokne	1987
04	May-Lynn Osland	1986
05	Inger Sognefest	1955
06	Jørgen Virkesdal	1959
07	Leif Bjarte Andersen	1967

### Venstre

Nr	Representantar	Fødd
01	Aslak Kjetil Nyhammer	1952
Nr	Vararepresentantar	Fødd
01	Veslemøy Dingen	1974
02	Steinar Nese	1989
03	Elise Leite Midtun	1995
04	Sirianne Dingen	2000

### Kristeleg Folkeparti

Nr	Representantar	Fødd
01	Ingolf Wergeland	1955
Nr	Vararepresentantar	Fødd
01	Bente Hauge	1974
02	Anne Britt Molde	1976
03	Eirik Halsnes	1984
04	Marta Rydland Kjelby	2000